



SKL
Postboks 24
5401 STORD

Dato: 04.02.2014
Vår ref.: 2014/11331-1
Dykkar ref.:100076/1

Eigarskap Valen Kraftverk

Eg viser til Dykkar brev dagsett 11.11.2013 (journalført i fylkeskommunen 16.12.2013).

I brevet vert etterspurt om Hordaland fylkeskommune har ein eigarstrategi som kan opne for sal av Valen Kraftverk. Fylkeskommunen sin eigarstrategi går fram av fylkestingsak 27/2013 som fylkestinget handsama den 11. juni 2013. Fylkestingssaka galdt eigarstrategi for alle selskap med fylkeskommunal eigardel. Om Valen Kraftverk AS heiter det:

«Valen Kraftverk AS

(...)

Eigarskapsstrategi

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er finansielt; strategien er å drive kraftomsetnad og auke innteninga.»

Kommentar:

Fylkeskommunen sitt eigarskap av aksjar i Valen Kraftverk AS har eit finansielt føremål, slik det går fram av eigarstrategien. Det betyr at sal kan vurderast når tilhøva ligg til rette for det, og det er mogeleg å få ein tilstrekkeleg god pris for aksjane. Fylkeskommunen har for tida ingen planer om sal.

Tom-Charster Nilsen
fylkesordførar